## Søviknes: Sakna berre boss-spann!

25.07.2010



**Badestranda i Uskedalen saknar boss-spann. Ellers er ho heilt topp!**
**Det var Os-ordførar og rikskjendis Terje Søviknes og reisefølget hans som konkluderte slik etter eit raskt strandhogg i Uskedalen i dag.**

**Osingane fekk seg eit skikkeleg bad før dei för vidare.**

- Badestranda i Uskedalen er ikkje minst ideell for små ungar, til dømes våre på 6 og 3 år, sa Søviknes.
Han har teke seg fri og skal ofre seg for båtloffing i heile Sunnhordlandbassenget nokre veker framover.

Besøket i Uskedalen er slett ikkje einestående - her har han også vore før.

Og han er sjølvsagt godt kjend i heile Kvinnherad.

På biletet er han klar for turen vidare.

(Foto: Ola Matti Mathisen)